



Mobryggen Drift As  
Mo 10  
5729 Modalen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/347 - 23/1203

Saksbehandlar:  
Aina Holmås Norvoll  
aina.holmas@modalen.kommune.no

Dato:  
22.05.2023

## Melding om delegert vedtak - Søknad om utvida skjenkeløyve Mobryggen

Delegasjonssak nr.: 001/2023

Viser til din søknad om skjenkeløyve datert 19.04.2023.

Med heimel i alkohollova, og etter delegert fullmakt fatta av kommunestyret, vert det gjeve utvida skjenkeløyve i eit einskild høve til Mobryggen Drift AS v/Janniche Nøttveit laurdag 01.07.2023 i samband med Modalsdagane.

- a) Løyvehavar er Mobryggen Drift As
- b) Styrar for løyvet er Janniche Nøttveit
- c) Skjenketida for øl og vin vert sett til kl. 18:00 – 02:00
- d) Utskjenka alkohol skal vera konsumert innan ein halvtime etter at skjenketida er slutt
- e) Løyvet gjeld området mellom Mobryggja, Coop og Flodmaal, og skjenkeområdet skal vere tydeleg avgrensa med fysiske hinder
- f) Utskjenka alkohol skal ikkje takast med utanfor avgrensa området
- g) Området rundt må sikrast med tilstrekkeleg vakthald
- h) Kaiområdet mot sjø må sikrast
- i) Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at reglane i alkohollova og forskrifta til alkohollova vert fylgde
- j) Aldersgrense på arrangementet skal vere 18 år
- k) Det skal vere tilgang til alkoholfri drikke
- l) Kommunen har engasjert eksternt vaktsselskap som har mynde til å kontrollere løyvehavar

Kommunen har engasjert kontrollør som kan koma på vitjing for å sjå til at alkohollova sine føresegner vert fylgde

Gebyr:

Løyveharar pliktar å senda inn oppgjersskjema for omsett alkohol.

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Sakshandsamar Aina Holmås Norvoll.

Med helsing

Jo Bjarte Tømmerbakke

Rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Aina Holmås Norvoll

Sakshandsamar

**Kopi til:**

Nils Heradstveit

Heradstveitvegen 5620  
222

Tørvikbygd

**Mottakere:**

Mobryggen Drift As

Mo 10

5729

Modalen